ÅL KOMMUNE



Årsplan for Torpo barnehage

2025–2026

HALLINGDAL

Innhald

INNLEIING 2

2.0 VERDIGRUNNLAG 3

2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 3

2.2 Torpo barnehage 4

3.0 FORMÅL OG INNHALD 5

3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 6

3.2 Torpo barnehage 6

4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON 9

4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 9

4.2 Torpo barnehage 9

5.0 BARNS MEDVERKNAD 11

5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 11

5.2 Torpo barnehage 11

6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE 12

6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 12

6.2 Torpo barnehage 12

7.0 SAMARBEID 14

7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 14

7.2 Torpo barnehage 14

8.0 OVERGANG 16

8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 16

8.2 Torpo barnehage 16

9.0 PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ 18

9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 18

9.2 Torpo barnehage 18

10.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 19

10.2 Torpo barnehage 19

11.0 TRAFIKKTRYGGLEIK 20

11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 20

11.2 Torpo barnehage 20

12.0 BEREKRAFT 21

12.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune 21

12.2 Torpo barnehage 21

INNLEIING

Ål kommune ynskjer at barn og føresette i dei kommunale barnehagane skal oppleve å møte ein felles kvalitet på det pedagogiske arbeidet i barnehagane. Det er utarbeidd felles årsplan med ein generell del og ei konkretisering av den enkelte barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Ny rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen vart sette i verk frå 1.augsut 2017 og er ei forskrift til barnehagelova. Årsplan skal synleggjere korleis barnehagen omset føringane frå rammeplanen og oppvekstsektoren sitt styringsdokument til pedagogisk praksis. Figuren til høgre viser samanhengen.

Årsplan skal ha fleire funksjonar:

- arbeidsreiskap for personalet for å styre barnehagen i ei medviten pedagogisk retning
- eit utgangspunkt for at føresette skal ha høve til å påverke innhaldet i barnehagen
- grunnlag for tilsyn i kommunen med barnehagen
- informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til eigar, politikarane, kommunen, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte



2.0 VERDIGRUNNLAG

> *Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen*. (…) *Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrsle og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.* (Rammeplan 2017, s. 7).

2.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

I oppvekstsektoren i Ål er Oppvekst 2030 styringsdokument med visjonen er: *Open – Grundig – Modig.*

Hovudmålsettinga er:

- *Å skape eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, slik at kvar enkelt får kraft til å meistre eigne liv.*
- *Stimulere ressursane og styrkene hos barn, unge og vaksne, med fokus på meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og læring.*

Oppvekstsektoren skal støtte opp om Ål kommune sitt overordna mål om å vera ein god stad å bu og leva, med eit berekraftig lokalsamfunn. Sektoren bidreg til å oppfylle kommuneplanen 2015-2027 (Ål kommune, 2014) ved å sikre eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø.

I barnehage og skule skal alle barn og elevar oppleve verdiar slik at kvar einskild blir i betre stand til å meistre eigne liv, der ein har positiv interesse for andre sitt liv, naturen som ein ressurs vi skal ta vare på, lokalsamfunnet som eit naturleg fundament for samanhengskraft i bygda. Vi skal i Ål kommune bygge opp menneske som blir rotfaste og flygedyktige. Med dette som bakteppe arbeider sektoren mot hovudmålsetjinga; i eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar einskild kraft til å meistre eigne liv. Vi skal legge vekt på å stimulere og synleggjere ressursane og styrkane til alle barn, unge og vaksne i sektoren. Vi må i fellesskap støtte opp om barn og unge sin kompetanse og styrker. Det er våre kompetansar og styrker som motiverer oss, det er styrkane våre som gjer at vi blir i stand til å hjelpe dei som treng hjelp. Forståing for det enkelte barn og den enkelte ungdommen må vera berande i oppvekstsektoren. Vi må forplikte oss på å arbeide for å fremje og støtte meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og interesse for positive sosiale fellesskap og læring hos alle barn og ungdom i Ål kommune.

2.2 Torpo barnehage

I Torpo barnehage har me utarbeidd ei pedagogisk ramme som er vår konkretisering av verdigrunnlaget.

Alt må sjåast i samanheng i kvardagen – i leik og aktivitetar, i det frie og i det styrte.
Visjonen er vår ledestjerne. Den strekkjer me oss etter
Pedagogisk grunnsyn og menneskesyn er grunnmuren. Kunnskap, verdiar og haldningar styrer korleis me vaksne samhandlar med kvarandre og barna. Dette har innverknad på kva arbeidsmetodar me nytter og det pedagogiske innhaldet i barnehagen.
Arbeidsmåtar og progresjon er korleis me vaksne vel at barna skal nærme seg innhaldet i barnehagekvardagen *kva, korleis og* kvifor er fundament i god planlegging og slik sikrer utvikling.

PEDAGOGISK RAMME FOR TORPO BARNEHAGE



Du og eg - i leik og fellesskap

1. Verdigrunnlag

- Møte kvarandre med nysgjerrighet, varme og respekt. Anerkjenne vår ulikskap og bli verdsett for den me er.
- Vektlegge mangfald og medverknad og skaper kvardagar fylt med glede og godt humør i eit aldersblanda fellesskap

2. Pedagogikk:

- Er plan og praksis ein raud tråd i pedagogisk arbeid med fagområda, prosjekter og utviklingsarbeid.
- Ser me leik som den viktigaste aktivitet og læringsarena.
- Barna skal bli høyrd og sett slik at dei kan medverke i barnehagekvardagen
- Vil me være den autoritative vaksne som er trygg og varm og gjev barna tydelege og gode rammer.

3. Arbeidsmåtar:

- Tilsette som «går foran, ved sida av, og bak» i leik og omsorg.

• Tilsette som syner interesse og engasjement i planlagt og spontan leik og aktivitet. • Tilsette som organiserer -planlegger -og gjennomfører det pedagogiske innhaldet i barnehagen.
Du kan lese meir om Arbeidsmåtar og progresjon i kap.4

3.0 FORMÅL OG INNHALD

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (…) Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede. (Rammeplan 2017, s. 19).

Omsorg	Leik
Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barna skal oppleve at dei blir sette, forstått og respektert, og at dei får den hjelpa og støtta som dei har behov for. Det skal leggjast til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen.	Leiken ute og inne skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin kultur. Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.
Danning	Læring
Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og blir følgt opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.	Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre seie læring i eit stimulerande miljø.
Vennskap og fellesskap	Kommunikasjon og språk
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.	Barnehagen skal vera medviten på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen.

3.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune er ei nynorsk kommune

- Barna i barnehagen skal bli kjent med nynorsk i munnleg og skriftleg form
- Barna får erfaring og kjennskap til hallingdialekten, andre dialektar og det språklege mangfaldet i den einskilde barnehagen
- Dei føresette får informasjon om at barna vil møte nynorsk som hovudmål i skula. Og at alle elevar i norsk skule skal lære seg to skriftspråk (nynorsk og bokmål)
- Barnehagen fylgjer retningslinene i "Målbruksplan for Ål kommune".

3.2 Torpo barnehage

I Torpo barnehage arbeider me etter rammeplan og kommunale føringar.
Rammeplan for barnehagar seier at barnehagen skal sjå alle desse omgrepa under ett. Dei har lik verdi, men kan i periodar bli vekta ulikt. Dei er vevd saman. I Torpo er me fleire vaksne med ulike verdiar og kunnskap. Den enkelte vaksne vektlegg dette utifrå si forståing. Erfaring og refleksjon er ein kontinuerlig prosess for å utvikle Torpo barnehage. Danning skjer i fellesskap med andre også for vaksne.
Kvardagen i barnehagen inneheld alle desse områda. ***Språk*** er viktig for å kunne bli forstått, og kunne samhandle slik at vennskap oppstår. ***Omsorg*** for tryggleik og lyst til å leike.
Leik og læring foregår når det grunnleggande er på plass.

Omsorg	**Leik**
Slik gjer med det i Torpo: Sjå det enkelte barn. Dekke grunnleggjande behov, som mat, søvn og bleieskift. Tid til å leike og få delta i ulike grupper gjennom året. *Slik vil me vere som vaksne:* Være den trygge basen. Sjå både enkelt barn sitt behov i samanheng med gruppa og ta gode val. Vere ein god rollemodell. Skape humor og glede.	*Slik gjer med det i Torpo:* Gi dagleg tid for barn sin frie leik der vaksne er deltakande støtte. Tilby ulike former for materialer å leike med Utforme barnehagen sine rom slik at dei inspirere til leik, språkleg utvikling og samhandling. Øve på det sosiale, f. eks vente på tur, dele osv. *Slik vil me vere som vaksne:* Bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement – aleine eller saman. Bruke språket, og kommunisere godt med barna. Vaksne som har kunnskap og kan vurdere når det er lurt å være deltakande, trekke seg bort eller tilføre leiken noko nytt for å utvikle leiken.

	Være bevisst at det er mange former for leik.
Danning	**Læring**
Slik gjer med det i Torpo: Skape meining i kvardagen til barna. Barna får delta i eit fellesskap og samarbeide med andre. La barn få uttale seg og bli tatt med i vurderingar. *Slik vil me vere som vaksne:* Være lydhør og spele på barna sin interesse. Raus overfor alle barn. Være autorative vaksne. Reflektere saman med barna over det me opplever og ser rundt oss. Både gode og vonde opplevingar.	*Slik gjer med det på Torpo:* Barna er aktive i læringsprosessar Erfarer, og leiker seg til ny forståelse og kunnskap. Skape felles erfaringar. *Slik vil me vere som vaksne:* Anerkjenne barna sin nysgjerrighet og kreativitet. Observere, støtte og delta i leiken og gjere den meir verdifull, på barna sine premisser. Ha god balanse mellom styrte og frie aktivitetar.
Vennskap og fellesskap	**Kommunikasjon og språk**
Slik gjer med det i Torpo: Styrke sjølvkjensa til barnet. Samstundes: hjelp til å meistre eigne behov, og omsyn til andre. Vere ein viktig del av eit fellesskap. Ha fokus på leik, mangfald og inkludering. *Slik vil me vere som vaksne:* Deltakande i barna sin kvardag. Vaksne observerer leiken og samhandling mellom barna og støtter og reflektere saman med dei for å skape best muleg trivsel. Organisere i ulike grupper for å inkludere og oppmuntre til nye relasjoner.	*Slik gjer med det på Torpo:* Setje ord på situasjonar og kjensler. Bruke språket aktivt i lag med barna. Sette ord på det me ser, gjer og opplever. La barna få snakke. Tilføre nye omgrep, og gje det innhald. Høgtlesing, rim og regler. *Slik vil me vere som vaksne:* Vere ein god språkmodell, og snakke i daglege situasjonar. Legge til rette for den gode samtalen/dialog. Vere nær barna.

Me viser til den pedagogiske ramma i kapittel 2. pedagogikk.

Torpo barnehage har i mange år vektlagt leik som ein viktig læringsarena. Torpo barnehage har i mange år vektlagt leik som ein viktig læringsarena. Inspirert av Birgitta Knutsdotter Olofsson innførte barnehagen tre leikreglar som framleis er gjeldande:

*gje mykje tid til leik *ikkje forstyrre leik *delta ofte i leik.

I tillegg er me svært oppteken av den tilsette som ein aktiv deltakar i leiken. Me seier at dei tilsette må kunne *gå framom, *gå ved sida, *gå bak – alt etter kva behov barnet har.
Dei tilsette etterstreber ein autoritativ vaksenstil – som inneber gode relasjonar og tydelege rammer.
Medviten vaksenrolla innfrir ein lettare dei nye lovkrava som er skissert i kapittel 9.2 Ved å være nær barna er det enklare å systematisk følgje med og fange opp, for å sikre at alle har ein trygg barnehagekvardag.
Rammeplanen seier at «leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast». Dette synet på leik deler me i Torpo barnehage. Difor er alle former for leik viktig. Funksjonsleik, Konstruksjonslek og Rolleleik.
Leik er både innhald, metode og arbeidsform, og den pedagogiske verksemda vil veksle mellom korleis dette blir nytta.
På liten avdeling er mykje av leiken kroppsleg, dei sitter gjerne ved sida av kvarandre, hermer, putter ting oppi og tømmer ut, frakter frå ein stad til ein annan. Etter kvart kjem interessa for å sette saman og bygge, og vidareføre dette inn i rolleleiken.
Dette året er liten ei gruppe med fleire gode leikarar i 2 årsalder som utvikler rolleleiken sin, i korte sekvensar.

På stor avdeling leikar barna ut sine erfaringar og tankar i utviklande rolleleik. Barna sine interesser vil vera det beste utgangspunkt for vidare meistring og læring. Me vaksne må gripe tak i og støtte/tilføre leik nye moment.

Leiken er også ein viktig arena for utvikling av gode relasjonar og medverke i kvardagen.

Rammeplanen har sju fagområder, som me skal arbeide med. Me bytter ut litteratur, leiker og arbeidsmateriell ut i frå det me jobbar med. Dette gir barna ulike opplevingar, og ikkje berre på dei dagane det står spesielle aktivitetar på planen. I barnehagen jobbar me prosjektbasert og koplar fagområda på for å få ein raud tråd i arbeidet.

4.0 ARBEIDSMÅTAR OG PROGRESJON

Arbeidsmåtane skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. (Rammeplan 2017, s. 43).

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. (Rammeplan 2017, s. 44).

4.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området. Arbeidsmåtar viser til korleis personalet legg til rette for læring og utvikling. Dei skal vere varierte, tilpassa barna og i tråd med **Rammeplanen for barnehagen**. Det kan bland anna kome til syne gjennom leik, prosjektarbeid, turar og opplevingar, samtalar og observasjon.

Progresjon handlar om at barna får moglegheit til å utvikle seg vidare frå der dei er – både individuelt og som gruppe. Dette skjer bland anna gjennom å sjå kvart barn og gjere tilpassingar ut ifrå alder, gjentaking og vidareutvikling, individuell tilpassing og systematisk planlegging.

4.2 Torpo barnehage

Prosjektarbeid er ein viktig arbeidsmåte i Torpo barnehage. Å arbeide tverrfagleg er naturleg. Å starte eit prosjekt vil på mange måtar vera som å starte ei reise der ein ikkje veit heilt kvar ein skal innom på vegen eller kvar ein endar. Dette fordi barna skal vera den drivande parten – forskarane - og dei tilsette skal vera medforskarar. Dette er ein svært spennande og givande måte å arbeide på. Barna arbeider med prosjekt i barnegruppene og ellers i kvardagen.
I prosjektarbeid oppnår me læring på mange plan. Konkret kunnskap om temaet som er i fokus, danning/sosial kompetanse og utvikling av læringsstrategiar.
Prosjektet for dette barnehageåret er **«Bli med å leik».**

Me øver oss i aksjonslæring der vi alltid må spørje oss kva gi gjer, kvifor vi gjer det vi gjer, og korleis vi skal gjennomføre det.

<u>For å sikre varierte arbeidsmåtar må dei tilsette:</u>

- Kunne variere mellom leik og vaksenstyrt leik i grupper
- Dele gruppa etter interesser og behov
- Være fleksible, ha endringskompetanse og arbeidsglede
- Lage vekeplanar for å sikre variasjon i kvardagen, samtidig som det er trygt og forutsigbart
- Observere og evaluere innhaldet for å sikre at barna blir varetatt.

Medverknad knytt opp mot leik og aktivitet i barnehagen. Me ynskjer å ha variasjon mellom leik, eigenvalde aktivitetar og aktivitetar med meir fastlagt innhald.
Bruk av barnemøte med påfølgande aktivitetar er ein måte å organisere på som gjer at både dei eigenvalde og dei meir styrte aktivitetane får plass.
Barnemøte inneheld tre områder som skal planleggast. Desse kan variere og endre seg frå haust - til vårsemesteret.

1. Tur/uteleik/gymsal 2. Aktivitet og leik 3.Mat/Frukt

Dei tilsette finner løysingar som støtter barna sin medverknad.
Barnemøta endrar seg gjennom året. Deltaking gjennom bilete og samtale om kva eg liker å gjere i barnehagen. Kva mat eg liker og kvar det er kjekt å være på tur.

Målet er å gje barna høve til å planleggje, gjennomføre og evaluere prosessane. Det er også ein måte å få alle deltakande på. Me har samtalar omkring ynskjer og lytte til andre.

Ramme for veka:

Måndag	**Tysdag**	**Onsdag**	**Torsdag**	**Fredag**
Leik i fokus, båe avdelingar -prosjekt «bli med å leik» -samling	Møtedag internt, avdelingar - Utviklingsmøte for ped. Leiar	Grupper/aktivitet/ Fagområder/tema Samling «Bli med å leik»	Tur/Gymsal Samling «Bli med å leik» Fokus ute	Barnemøte og medverknad i grupper Matdag Samling «Bli med å leik»

Progresjon i barnehagen. Det vert lagt til rette for at alle barn får varierte opplevingar på ulike område. Dei tilsette sin veremåte, korleis dei møter barna og deira interesser er viktig for god progresjon. I arbeid med prosjekt og fagområde blir innhaldet tilpassa alder og modning.
I samarbeid med foreldra fylgjer me med på utviklinga til barnet. Både samtaler i kvardagen og foreldresamtaler er ein arena for dette.

<u>For å sikre progresjon må dei tilsette:</u>

- Observere barna og gjennomføre kartlegging i tillegg til barnesamtalar.
- Legge til rette for nye erfaringar
- Tilpasse aktivitetar og innhald som gjev utvikling
- Være fleksible og endre planer der det er naudsynt
- Kunne vurdere pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materialar og utforme det fysiske miljø.

5.0 BARNS MEDVERKNAD

> *Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barna skal få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av verksemda. Barnehagen skal vere medviten på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaringar, føresetnader og behov til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.*
> (Rammeplan 2017, s. 27).

5.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Oppvekstsektoren i Ål arbeider etter føringane i rammeplanen på dette området.

5.2 Torpo barnehage

Barns medverknad er ein del av barnehagens pedagogiske grunnsyn. Me er opptekne av at barna får delta og medverke i mange prosessar, alt frå planlegging av aktivitetar og innhald, til gjennomføring og evaluering i etterkant. For dei yngste barna handlar medverknad mykje om at dei tilsette må tolke signala som barna gir.

Me arbeider med medverknad knytt opp mot barna sin kvardag. Me ynskjer å ha variasjon mellom leik, valgte aktivitetar av barnet sjølv, og aktivitetar med meir fastlagt innhald.
Bruk av barnemøte med påfølgande aktivitetar er ein måte å organisere på som gjer at både dei sjølvvalgte og dei meir styrte aktivitetane får plass.

For å sikre barna medverknad må dei tilsette:

- Være tilsette som lytter og ser barna sine ynskjer
- Anerkjenne barna sine ynskjer.
- Sikre at alle barn får erfare at dei kan påverke eigen kvardag
- Endre planer når interessa til barna tek andre vegar

6.0 UTVIKLINGSOMRÅDE

> *Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. (Rammeplan 2017, s. 15).*

6.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Overordna tema i både barnehage og skule i Hallingdal er «Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø». Barnehagane har frå 2023 hatt fokus på kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, som skal bidra til at alle barn får oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod, få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel – uavhengig av føresetnadene sine. Det pedagogiske tilbodet skal bidra med at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring gjennom kvardagen i barnehagen.

Utviklingsarbeidet skjer i samarbeidet med PPT Ål, og me driv på med opplæring av analyseverktøyet P*edagogisk analyse.*
Pedagogisk analyse er ein metode som blir brukt i barnehage og skule for å forstå og vurdere situasjonar som påverkar barn si læring, utvikling og trivsel. Målet er å finne gode løysingar og tiltak som støttar barnet på ein heilskapleg måte.

Pedagogisk analyse skal bidra til:

- Forstå barnet betre
- Betre tverrfagleg samarbeid
- Ta gode faglege avgjerder
- Dokumentere arbeidet på ein profesjonell måte

6.2 Torpo barnehage

Me har som mål at alle tilsette skal kunne ha kunnskap og ferdigheter til å analysere utfordringar ein møter i eigen praksis.
Torpo barnehage har deltatt på regionalt kurs i regi av kompetanseløftet no i oktober for både leiarar og pedagogisk tilsette. I Desember er det satt opp møte og intern skolering /case saman med PPT Ål (primærkontaktar)
Me ynskjer å starte med eit positivt fokus, og se på forhold i verksemda barnehagen vår som me opplever som gode, og finne faktorar som støtter dette.

Inkluderande barnehage – og skulemiljø er eit nasjonalt læringsmiljøprosjekt, som Hallingdal – og Ål – byggjer vidare på, med tema førebygging, avdekking og handtering av utestenging, krenking og mobbing. Torpo barnehage ynskjer å arbeide meir med dette. Verktøy som støtter opp om refleksjon over vaksenrolla er ri god støtte, og trygt å bruke når personalgruppa er ny, og me skal bygge relasjoner.

Inkluderande barnehage – og skulemiljø (IBS)

- Den autoritative vaksenrolla = varm og tydeleg – friske opp fagkunnskap, refleksjon over eigen praksis, og avdelinga sin praksis
- Styrker borna sin sosiale kompetanse og lære om ulike kjensler
- Styrkebasert tenkesett – ha fokus på vaksne og barn sitt styrkespråk ved å ta i bruk verktøy i SMART oppvekst

Prosjekt «Bli med å leik»

***Bli med å leik* – Ein felles veg til fellesskap og vennskap gjennom fantasi, kreativitet og glede**

I dette prosjektet vil me jobbe med gruppetilhøyrsle og vennskap.

Målet med prosjektet er at barna i barnehagen skal kvar dag oppleve å være saman med nokon I fellesskap om noko. Gjennom felles opplevingar som styrker kjensla av tilhøyrsle skal barna kjenne glede, nysgjerrighet og få mulighet til å utforske, erfare og lære.

Leikeglede skal kunne kjennes i heile barnehagen, både ute og inne. Barnehagen vil fortsette å ha eit ekstra fokus på barnehagen sine fysiske rom ute og inne. Dette skal gjenspegle aktivitetar og materialar. Her skal vi saman finne materialar som kan nyttas på fleire vis. Barna sjølv er medskaparar.

Gjennom «bli med å leik» ynskjer vi å støtte barnas utvikling ved å fremme fantasi, kreativitet og glede i leiken. Ved å vere vaksne som i aktar, fylgjer og deltek i barnas initiativ, kan vi bidra til at dei kjenner på meistring og glede. Leik er ein viktig sosial aktivitet som gjer det mogeleg for barna å utforske og utvikle seg sjølv, samstundes som dei lærer om fellesskap og samhandling. I leik bygger barn vennskap. Dette er erfaring som følgjer barna gjennom heile livet.

Me legg stor vekt på at barna skal få utfalde seg fritt i leik, og at vaksne er til stades på ein måte som støttar og styrker barna sine eigne initiativ og tempo.

- Det fysiske leikemiljøet ute og inne (variasjon, utfordringar, skapande m.m.)
- Vaksne som er medviten si rolle og veremåte i leiken.
- Kurs og kompetanseheving på leik
- Kompetanseheving på fagområda i rammeplan
- Organisere -planlegge og gjennomføre

7.0 SAMARBEID

> *Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.* (Rammeplan 2017, s. 29).

> *Styraren skal sikre at barnehagen har innarbeidd gode rutinar for å samarbeide med relevante institusjonar, slik som skulen, helsestasjonen, den pedagogisk-psykologiske tenesta og barnevernet.* (Rammeplan 2017, s. 16).

7.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Samarbeid mellom heimen og andre hjelpeinstansar er viktige i arbeidet for barnets beste. For å sikre samarbeid har Ål kommune desse føringane:

I «Trygg oppvekst Ål» nyttar ein på individnivå ein samhandlingsmodell kalla betre tverrfagleg innsats (BTI-modellen). Den sikrar heilskapleg og koordinert innsats mellom hjelpetenestene. Det er ein samhandlingsmodell for tilsette i sektoren og skisserer handlingskjeda når undring oppstår. Modellen sikrar at føresette blir tidleg involvert og at det alltid er ein som har ansvar for framdrift i saka.

Barnehagane har eit tett samarbeid med **Familiens hus** som har organisert småbarnsteam. Småbarnsteam består av helsesjukepleiar, pedagogisk psykologisk rådgjevarar, jordmor og ein person frå psykisk helsevern.
Dei kan vera med inn i barnehagar og hjelpe barnehagane i arbeidet som forgår på system- og individnivå. Dei har også faste tilsette som er med inn i primærkontaktmøter i barnehagane.

Alle avdelingar inviterer også til foreldremøte som er felles eller avdelingsvis, alle får tilbod om foreldresamtale og det blir invitert inn til ulike samkomer der foreldre får anledning til å bli kjent på tvers av avdelingar.

7.2 Torpo barnehage

Foreldra er våre viktigaste samarbeidspartnarar og skal vera involvert i både arbeid med eigne barn og barnehagedrifta. Me ynskjer ein open, god dialog med heimane, til barns beste.
Ei engasjert og aktiv foreldregruppe er positivt for barnehagen.
Barnehagen skal praktisere ei «open dør» slik at båe partar kan ta opp saker.
Barnehagen har både formelle og uformelle møtepunkt med foreldra.
Samarbeid er jamn kontakt der me kan utveksle informasjon, og høve til å drøfte spørsmål knytt opp til barna sin trivsel og barnehagen si verksemd. Tryggleik og gjensidig respekt er fundament for å få eit godt samarbeid til barnas beste

For å skape eit godt samarbeid med føresette må dei tilsette:

- Vise interesse og merksemd ved å seie «hei» og signalisere at "eg ser deg" når foreldre og barn kjem om morgonen.
- Informere i bringe - og hentesituasjon om barnet sin dag er eit gjensidig ansvar for tilsette og føresette
- Gje informasjon om det pedagogiske arbeidet gjennom årsplan, og t.d. månadsplan/anna plandokument.
- Visma App som gjensidig informasjonskanal for kvardagsting
- Gjennomføre foreldremøter og foreldresamtalar 1 g i halvåret.

FORELDRERÅD - FAU – SU:

Foreldreråd består av alle føresette i barnehagen.
FAU (Foreldrearbeidsutvalet) er bindeleddet mellom foreldregruppa og barnehagen. Dei skal fremje saker som gjelder barnehagedrifta og er gode støttespelarar under sosiale arrangement. Dei skal sikre samarbeid mellom heim og barnehage. FAU kan kalle inn til foreldrerådsmøte dersom dei ynskjer å drøfte saker med heile foreldregruppa dersom dei ynskjer t.d. å bringe saker vidare til SU.
Det sit fire foreldrerepresentantar i FAU.
SU (Samarbeidsutvalet) kan arbeide vidare med saker frå FAU. SU har beslutningsmyndighet. Det skal vera eit rådgjevande, samordnande og kontaktskapande organ. Samarbeidsutvalet tek avgjersler som berører heile barnehagen.
I SU sit to av foreldrerepresentantane frå FAU i tillegg til ein politisk representant og to tilsette + styrar som er sekretær.

FAU	**SU**
Ann Kristin Berglund Flatland, leiar	Sigurd Jordet, leiar
Sigurd Jordet, nestleiar	Ann Kristin Berglund Flatland, nestleiar
Arne Thorvald Hodnungset 1.vara	Elin Nygård, tilsett
Stine Olsen 2. vara	Jeanette Vårdal, tilsett (vara)
	Anders Lunden Herfoss, politisk/Sp
	Liv Tanche-larsen, styrar/sekretær

Samarbeid med andre instansar

Me arbeider med eit større fokus på det nære nettverket som kan gje støtte og hjelp, gjerne gjennom nettverksmøte/primærkontakar ved behov. Me nyttar hjelpeinstansar som finnes, der ein kan ha nytte av å søke kompetanse og rettleiing. Barnehagen kan samarbeide med Pedagogisk, psykologisk teneste (PPT) helsestasjon, psykisk helse, fysioterapeut (familiens hus.) og barnevern.

Me kan drøfte utfordringar knytt til barnegruppa eller enkeltbarn, sistnemnde med samtykke frå føresette. Me har primærkontaktar me kan nytte i alle hjelpeinstansar.
Det vert også gjennomført primærkontaktmøter etter behov og samarbeidsmøter med spesialinstansar dersom barnehagen har barn som får ekstra oppfølging.
Me samarbeider også med lokalmiljøet, Torpo skule, andre barnehagar og oppvekstkontoret i Ål kommune.

Primærkontaktane barnehageåret 2025-2026
PPT: Birgitte Oppsata
Helsestasjon: Ranveig Isungsett
Psykisk helse: Marit Lunden Tveit
Fysioterapeut: Live Slettemoen

8.0 OVERGANG

> *Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen, overgang mellom avdelingar, overgang til skule og skulefritidsordning (SFO).* (Rammeplan 2017, s. 33).

8.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Det er utarbeidd "Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune". Denne planen inneheld mellom anna rutine ved overgang frå barnehage til barnehage og frå barnehage til barneskule.

Sjå eigen plan på heimesida til Ål kommune.

8.2 Torpo barnehage

Oppstart i barnehage markerer overgang til ny kvardag og grip om seg på mange vis i familien.
Ei god og trygg tilvenning startar med samarbeid og informasjonsflyt.
Målet er å skape tryggleik for barn og vaksne

Overgangar	Slik gjer vi det i Torpo
Når barnet startar i barnehagen: Barnehagen skal: • I samarbeid med foreldre leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god oppstart i barnehagen. • Tilpasse rutinar og organisere tid og vaksne slik at barnet får tid til å bli	• Avtale tid for besøksdag ca 1t • Gje foreldra god informasjon om tilvenningsperioden – både munnleg og ved eit skriv som dei får ved oppstart. • Barnet blir først kjend med sin tilknytningsperson i lag med ein av foreldra.

kjent, etablere relasjonar og knyte seg til tilsette og til andre barn. • Tilsette sørgjer for å føge tett opp den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsle og erfarer at det er trygt å utforske og leike	• Tilvenningsperioden er vanlegvis ca 3-5 dager. • Foreldre gjev informasjon om rutiner mm og fyller ut eit helseskjema ved oppstart.
Overgangar i barnehagen frå liten til stor: Barnehagen skal: • Tilsette legg tilrette for at barnet og foreldre får tid til å bli kjent med andre barn og tilsette når barnet byter barnegruppe.	• Barna har sin «gamle» garderobeplass fram til nytt barnehageår starter. • Personalet på ny avdeling lager ein plan over besøksdager, der barnet deltar i leik, rutinesituasjoner og måltid i løpet av våren/sommaren. • Vaksne på den nye avdelinga tek ekstra kontakt i utetida. • Pedagogisk leiar på ny avdeling vil i løpet av dei to fyrste oppstartsvekene gje tilbod om samtale om overgong frå liten til stor avdeling.

<u>Overgang frå barnehage til skule:</u>

Tryggleik og tilhøyrsle. Gruppekjensle og sosial kompetanse er dei viktigaste faktorane. Skulestartarane i Torpo skal kjenne seg som ein av gruppa. Kjenne på gryande ansvar og bli gode rollemodellar for dei andre borna på avdeling.

Målet er å gjere overgangen så god som mogleg. Barna skal møte skulen med tryggleik og forventning. Gode rutinar skal sikre oppfølging av kvart enkelt barn. Me har eit godt samarbeid med Torpo skule, med ei felles ressursgruppe som har fokus på samarbeid og overgang. I barnehagen deler me i aldersgrupper 1-2 g i veka. Ramma er tur 1 dag, og leik 1 formiddag.

Skulestartarane går til skulen saman med den som er ansvarleg for dei gruppa. "skulestartarane" reiser til skulen, nyttar gymsal og leikeareal. Etter jol blir dette formalisert meir med eigen tilhald i SFO rommet 1 fast dag i veka.

Barnehagen vil fylgje «*ovegangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune»* i arbeidet med skulestartarane

9.0 PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen blir utsett for slike krenkingar.
*Barnehagen skal førebygge tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. (*Lov om barnehage kapittel 8).

9.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Det er utarbeidd ein plan regionalt i Hallingdal for "Godt psykososialt barnehagemiljø". Denne planen inneheld mellom anna rutine for kva barnehagane skal gjera om dei ser at eit barn opplev krenkingar, samarbeid mellom heim og barnehage og kva for pliktar personalet i barnehagen har.

9.2 Torpo barnehage

Dette ansvaret er forsterka gjennom Lov om barnehager, kapittel VIII som trådte i kraft fra 1.1.2021.

Planen «Godt psykososialt barnehagemiljø» og "Rutine for å ivareta eit godt psykososialt barnehagemiljø" er utarbeidd av barnehagefagleg ansvarlege i Hallingdal og er gjeldande for alle barnehagane. Dokumenta konkretiserer innhaldet i desse paragrafane:

- § 41 "Nulltoleranse og forebyggande arbeid",
- § 42 "Plikt til å sikre at barnehagebarna ha et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø"
- § 43 "Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn"

Sjå elles kvalitetsmåla i styringsdokumentet «Betre læring» i kapittel 2.1.

10.0 VURDERING

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.
(Rammeplan 2017, s 38).

10.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Formålet med vurdering er å vurdere om ein driv verksemd i tråd med fastsette mål. Vurdering er også til hjelp for å vere ein organisasjon i positiv utvikling, ein lærande organisasjon.

Oppvekstkontoret i Ål kommune nyttar desse formane for vurdering:

- Strategikonferanse
- Medarbeidarundersøking og foreldreundersøking
- Tilsyn

10.2 Torpo barnehage

Vurdering er viktig for å sikre kvaliteten og vidareutvikle barnehagen. Observasjon og evaluering me gjennomfører med barna gir oss direkte tilbakemelding på kvardagen, trivsel og aktivitetane barna opplever. For dei aller minste vil det vera viktig at vaksne er merksame på reaksjonar, kommunikasjon og uttrykk frå barna. Alle signala frå barna må dei tilsette ta med seg og vurdere fortløpande.

Vurdering vert gjort fyrst og fremst for at me sjølv skal kunne vurdere arbeidet me gjer, som eit grunnlag for refleksjon, endring og utvikling.

Planmessig vurdering foregår når me systematisk samlar inn opplysningar slik at me kan reflektere over praksis og utvikling. Resultatet av dette må me sjå i samanheng med føringar i plan – og lovverk. Barn, føresette og tilsette si meining og stemme skal være med i vurderingsarbeidet. Resultatet her skal være med i den systematiske utviklinga av barnehagen.

Torpo Barnehage er ein lærande organisasjon og vil arbeide med følgjande punkt i vurderingsarbeidet

- Daglege små samtalar mellom barn, tilsette og føresette
- Interne møter; avdelingar, pedagogisk utviklingsmøter, personalmøter
- Barnesamtaler, foreldresamtalar og medarbeidersamtalar
- Evaluering og vurdering av prosjekt, tema og bruk av fagområda, Grovplan, bruk av dokumentasjon
- Halvårsvurdering og årsvurdering, Brukarundersøking og medarbeidarundersøking

11.0 TRAFIKKTRYGGLEIK

Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt. (Rammeplan 2017, s 56).

11.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune vart den 29. November 2024 re-godkjent som ei trafikksikker kommune. For barnehagar er det eit krav om at trafikktryggleik er synleggjord i årsplan og eigne rutinar.

11.2 Torpo barnehage

Barn i barnehagealder er ikkje modne nok til å ta ansvar for seg sjølv i trafikken. Trafikktryggleik er dei vaksne sitt ansvar og omfattar fysiske tiltak, fartsgrenser, sikker transport av barn og trafikkopplæring. Grunnlaget for haldningar til sikkerheit i trafikken vert lagt i barneåra og difor må trafikkopplæring starte tidleg. Vaksne er viktige rollemodellar og har ansvar for at barn og unge utviklar evne til refleksjon, risikoforståing og til å ta andre sitt perspektiv.

Me vil i år nytte blant anna «TARKUS» som er Trygg Trafikk sitt pedagogiske verktøy tilrettelagt for barnehagebarn. Handdokka «Tarkus» er eit beltedyr som gjennom sine historier og bilet-plansjar fortel barna kva som er rett og kva som er lurt å gjere i trafikken. «Tarkus» kjem på besøk i samling utover våren

Torpo barnehage ynskjer me å gi barna gode haldningar og grunnleggande dugleik i å ferdast i trafikken.

Me har eigne rutinar for turar og opphald utanfor barnehagen i HMS-systemet.

<u>Trafikktryggleik som informasjon til foreldre:</u>

- Tryggleik på barnehagens parkeringsplass.
- Sikring av barn i bil.
- Generell informasjon om våre rutinar jfr. HMS.

<u>Praktisk opplæring med barna i kvardagen:</u>

- Teoretisk opplæring i samling med «Tarkus»
- Me trenar i trafikken når me er på tur. Innarbeider gode vanar om korleis me oppfører oss i trafikken, ha på refleksvest, kryssing av veg, korleis me går etter vegen både med og utan fortau, kva skilt betyr osb.
- Me lærer barna om sikring i bil, bruk av hjelm og refleks.

Trafikkopplæring for dei eldste som skal på skulen:

- Punkta over får ekstra fokus

12.0 BEREKRAFT

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærar av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen. (Rammeplan 2017, s. 52)

12.1 Oppvekstsektoren i Ål kommune

Ål kommune vart i juni 2025 sertifiserte som miljøfyrtårn. Ved å vera miljøfyrtårn bidreg barnehagane aktivt til ei berekraftig framtid.

12.2 Torpo barnehage

Torpo barnehage er sertifisert som miljøfyrtårn bedrift. Det same er dei andre barnehagane i kommunen.

For oss betyr det mellom anna å kjeldesortere. Snakke positivt om naturområda rundt oss. Glede over kva naturen rundt oss byr på. Ta med søppel heim. Haldningsskapande arbeid gjennom samtalar der det er naturleg, og plukke opp søppel som me finn på turane våre.
Både personalgruppa, borna og føresette skal involverast i dette arbeidet.
Me har fått ny kjeldesorteringsdisk, med synlege motiv.

Kontaktinformasjon
Torpo barnehage Liv.Tanche-Larsen@aal.kommune.no Tlf: 32085455
Mobil styrar 97085625 Mobil liten avdeling 40914711 Mobil stor avdeling 40914712